

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

Kulturmiljø av regional interesse i Klepp kommune

Dette dokumentet er eit uttrekk frå temakart-Rogaland og viser kulturmiljø av regional interesse som er del av Regionalplan for kulturmiljø.

[Sjå oversikten over heile Rogaland i ei interaktiv kartløyning i Temakart-Rogaland.](#)

Oversikta er eit kunnskapsgrunnlag for vidare planlegging og utvikling i kommunane, og skal bidra til føreseielege prosessar gjennom at informasjon om kva som er regionalt viktige kulturmiljø og landskap, blir kjent og tilgjengeleg. [Du finn meir informasjon om oversikten i Regionalplan for kulturmiljø kapittel 7 og 8.](#)

I tillegg til kulturmiljøa i dette dokumentet er kulturmiljø og landskap registrert av Riksantikvaren og ein del av regionalplanen. Desse er i frå Riksantikvarens nasjonale register over kulturmiljø og landskap(NBI-registeret og KULA), Utvalde kulturlandskap i jordbruket(UKL) og freda område og kulturmiljø (Askeladden).

[Les meir om kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse.](#)

[Les meir om Utvalde kulturlandskap i jordbruket hjå statsforvalteren.](#)

Innhold

Kulturmiljø av regional interesse i Klepp kommune	1
Orre gamle kyrkje	2
Tinghaugplatået	8
Helleberget	12
Pollestad	17

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

Orre gamle kyrkje

id	43
Namn	Orre gamle kyrkje
Kommune	1120 - Klepp
Tema	Tradisjon og religion, Busetting by- og tettstadutvikling
Periode	Før- og etterreformatorisk tid
Kjelde	Kommunens kulturminneplan 2021-2031, Askeladden/Kulturminnesøk
Vernestatus	Kulturminneloven, Omsynssone (pbl), Kulturminneplan, anna lovverk

Skildring

Området omfattar Orre gamle kyrkje med tilhøyrande gardsbruk på Orre. Kulturmiljøet omfattar også "Berentsenhuset", eit gammalt jærhus frå ca. 1770, eit bustadhus og eit stabbur frå den andre halvdelan av 1800-talet og driftsbygningar frå 1920-talet.

Bygningsmassen er med i kulturminneplanen til Klepp kommune og utgjer eit gardsmiljø som er knytta opp mot kyrkja. Kyrkja ligg midt inne på kyrkjegarden og er godt synleg. Ho består av to delar, ein ny og ein gamal. Den nye delen, våpenhuset og dei ca. 8 austlegaste metrane av hovudbygningen, stammar frå ei større ombygging i 1864. Den eldste delen av kyrkja har ei grunnflate på 8 x 12.5m orientert A-V i lengderetningen. Denne delen stammar frå det 12. hundreåret og er bygd i romansk stil. Bygningen har tjukke murvegger med kleberstein i hjørna. Vestsida er pussa og kvitkalka. Nord- og sørveggene er berre kvitkalka. Dei opphavelge vindauga har blitt fjerna frå den gamle delen og ein har sett inn relativt nye, rektangulære vindauge - tre store i den sørlege langsida og eitt lite vindauge øvst på vestgavlen. Dette vart gjort i 1864. Ein del av eit lite boga vindauge i kleberstein, truleg eitt av dei opphavelge, ligg like sør for våpenhuset. Den gamle steinkyrkja er stygt skjemma av nye bygningar og vindauga som vart sette inn i 1864. Kyrkja er ikkje lengre i bruk.

Kyrkjegarden omkransar kyrkja på alle sider og har nærast form som ein rettvinkla trekant med den rette vinkelen i søraust. På kyrkjegarden er det mange graver, men ingen graver - eller bautastein - er bevarte frå gamal tid.

Berentsenhuset frå 1770-åra er i eit regionalt perspektiv eit svært gammalt bygg. Huset vart utvida på 1800-talet. Sjølv om huset er noko ombygd og modernisert, er både

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

hovudforma og ein del av dei eldre arkitektoniske trekka bevarte. Huset framstår no som ein god representant for eit større jærhus.

Det andre bustadhuset har stor grad av autentisitet, sjølv om der er bygd på både ark og altan. Stabburet sitt eksteriør har høg grad av autentisitet, innvendig er det innreia som bustad. Saman med driftsbygningane utgjør denne bygningsmassen eit fint tunmiljø med stor tidsdjupne. Tunmiljøet har også kulturhistorisk verdi, då Alexander Kielland i mange år ferierte her saman med venner og familie.

Kielland henta mykje inspirasjon frå både folk og natur i nærområdet til bøkene sine. Kielland har bl.a. residert i Berentsenhuset og i stabburet, muligens også i det andre bustadhuset. Det finst ei minnestøtte for Kielland på tunet.

Omfang

Området ligg sør for Orreåna, i eit flatt område med stor sandflukt i nærleiken av Jærkysten. Kulturmiljøet omfattar Orre Gl. kyrkje med tilhøyrande gardsbruk på Orre.

Regional interesse

Kulturmiljøet har stor tidsdjupne. Bygningsform og landskap er typisk for jærkysten. Der er einskildbygningar med svært høg verneverdi. Dette gjeld særlig kyrkja med mellomalderkyrkjegard, bustadhusa og stabburet. Men også driftsbygningane har verdi som del av miljøet. Mellomalderkyrkja med kyrkjegarden har i seg sjølv nasjonal verdi. Berentsenhuset har i seg sjølv vesentleg regional verdi, muligens også nasjonal verdi – både som jærhus og pga. den kulturhistoriske verdien.

Sårbarhet og forvaltning

Kyrkja og landskapet rundt vert forvalta av Riksantikvaren. Gardsbebyggelsen inngår i kulturminneplanen til Klepp og bør takast vare på i medhald av vern gjennom Plan- og bygningsloven. Kulturmiljøet inngår i eit kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA), Jærkysten.

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

Hovudbilde




Orre gamle kyrkje

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

Kartutsnitt



Kartutsnitt per 23.09.2022

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

Bildevedlegg 1



Eldre foto av Berentsenhuset

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

Bildevedlegg 2



Berentsenhuset

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

Tinghaugplatået

id	121
Namn	Tinghaugplatået
Kommune	1120 - Klepp
Tema	Administrasjon fellesskap makt og demokrati, Tradisjon og religion
Periode	Jernalder
Kjelde	Askeladden/kulturminnesøk, Kulturminneplan for Klepp(2021)
Vernestatus	Kulturminneloven, Kulturminneplan

Skildring

Tinghaugplatået er eitt av dei mest innhaldsrike og viktige kulturmiljøa vi har i Rogaland. Kulturmiljøet er eit samla uttrykk for og ei viktig kjelde til å forstå samfunnsorganisering og tradisjon gjennom jernalderen. På platået ligg eit samanhengande miljø med arkeologiske kulturminne som fortel om eit maktsenter på Jæren gjennom store deler av jernalderen. Sjølve Tinghaug, det høgaste punktet på Jæren, var truleg tingstad i yngre jernalder og har også gjeve namn til området. Frå Tinghaug ble det funne 16 gullgubbar, små bilete prega i gull, som har vore symboltunge og kostbare gjenstandar. Dei syner kor symbolsk betydning staden har hatt i jernalderen.

Kulturmiljøet omfattar også fleire gravminne frå eldre jernalder og det ringforma tunanlegget Dysjane. Tunanlegget har truleg vore i bruk i perioden mellom år 0 - 400 e.Kr. Ein reknar det som sannsynleg at Dysjane har vore ein samlingsstad, og ein bør sjå det i samheng med tingstaden på Tinghaug. Innanfor miljøet ligg også Krosshaug, som har vore eitt av dei største og rikaste gravminna på Jæren frå folkevandringstida. Omkring år 1000 vart det reist ein steinkross på staden, noko som indikerer at det også var eit viktig og sentralt område i den tidlegaste fasen av kristninga i Norge.

Tinghaugplatået har vore ein sentral plass gjennom store deler av førhistoria, der staden særleg har hatt ei stor religiøs og politisk betydning for omlandet. Miljøet er eit nasjonalt viktig landskap i Rogaland.

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

Omfang

Området omfattar dei automatisk freda kulturminna på toppen av plataået. Området er markert i kommuneplanen for Klepp som omsynssone.

Regional interesse

Tinghaugplataået inneheld strukturer av høg kulturhistorisk interesse som er uttrykk for samfunnsutvikling og maktstrukturar i regionen, særleg i jernalder. Miljøet er ei kjelde til kunnskap og opplevingar til ei viktig del av den regionale historia som det er få skriftlege kjelder til, og har høg kunnskapsverdi.

Kulturmiljøet er tilrettelagt med informasjonsskilt og har høg opplevingsverdi knytt til formidling og regional identitet. Det er eit potensial for å formidle kulturmiljøet i enda større grad gjennom betre tilrettelegging og meir aktiv bruk av det i undervisning og reiseliv.

Hovudbilde




Det ringforma tunanlegget på Tinghaugplataået.

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

Kartutsnitt



Kartutsnitt per 11.22

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

Bildevedlegg



Plataet, sett mot nord. Tinghaug ses cirka midt i bildet, mens Krosshaug ses ytterst til venstre.



Dronebilde av Tinghaug, med det ringformet tun-anlegg Dysjane til høyre i bildet. Sett mot vest.

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

Helleberget

id	122
Namn	Helleberget
Kommune	1108 - Sandnes, 1120 - Klepp
Tema	Samferdsel og kommunikasjon, administrasjon, fellesskap, makt og demokrati, krig og konflikt, landbruk og kulturlandskap
Periode	Før- og etterreformatorisk tid
Kjelde	Rogaland fylkeskommunes informasjonsskilt om Helleberget og Stangelandshelleren, Klepp kulturminneplan (2021-2031 s20) , Sandnes kommunedelplan for kulturmiljø og kulturminne (2020-2035), Askeladden/kulturminnesøk, Telenor Kulturarv: Rogaland radio
Vernestatus	Kulturminneloven, Kulturminneplan

Skildring

Helleberget er eit kulturmiljø med eit langt tidsspenn. Her finn vi busetnad frå eldre steinalder i Stangelandshelleren, forsvarsanlegg frå eldre jernalder og den andre verdskrigen, Skjævelandsbrua samt eit kommunikasjonsminne i form av Rogaland radio sitt anlegg. Det ligg også fleire røyser og stakketufter i området.

I Stangelandshelleren, som ligg ved foten av Helleberget, har det budd folk frå slutten av eldre steinalder (om lag 8000-6000 år sidan). Det har vore nokre mindre utgravingar av hellaren mellom 1906 og 1909. I hellaren er det funne ei imponerende samling av beinreiskapar som piler, fiskekrokar, nåler og reiskap for garnbinding.

I tillegg er det funne steinreiskapar som øks, bor- og pilespissar, skraparar, og eit sjeldan hengjesmykke av skifer. Vi veit ikkje om det budde folk i hellaren på permanent basis, eller om dei veksla mellom ulike buplassar. Nokre av dei fyrste bøndene på Jæren budde i Stangelandshelleren. Det er funne bein av tamokse i

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

hellaren som er datert til yngre steinalder. Funn av leirkarskår fortel at hellaren også var i bruk i jernalder.

I eldre jernalder vart Helleberget brukt som bygdeborg. På nordsida finn vi i dag restar etter utrasa murar frå bygdeborga. Desse murane heldt inntrengingar ute, og truleg hadde murane palisadar eller former for gjerde. Mot søraust, sør og vest er det bratte stup, og det var vanskeleg for inntrengarane å ta seg opp til bygdeborga.

Det ligg også tre bunkersar frå 2. verdskrig i området.

Helleberget er tilrettelagt med parkeringsplass og informasjonsskilt.

Skjævelandsbrua går over Figgjoelva, og midten av brua utgjer grensa mellom Klepp og Sandnes kommune. Brua var ferdig bygd i 1853. Ho er 100 meter lang, murt i hoggen stein, og er bygd i ein kombinasjon av seks steinhellekvelv og fire hovudkvelv som er forsterka med isbrytarar.

Brua er ein del av Vestlandske hovudveg, og var den fyrste brua i Rogaland fylke som vart bygd for køyretøy.

Brua blei teikna av lensmann og veginspektør Ingebrett Mossige, og det var entreprenøren Gabriel Høyland som leia byggearbeidet.

I 1966 vart det opna ei ny bru på riksveg 44, og Skjævelandsbrua har etter dette vorte nytta til lokal trafikk. Ho vart restaurert i 1985, og vart i 2002 teken med i ein nasjonal verneplan for kulturminne knytt til vegar.

Rogaland radio var ein kystradiostasjon som opna for trafikk 20. oktober i 1960. Stasjonen er i dag samlokalisert med Hovudredningsentralen for Sør-Noreg. Mottakarstasjonen blei lagt til Skjæveland, mens sendestasjonen blei bygd i Vigreskogen, 18 km lenger sør. Anlegget består av eit radiobygg og

30 tremaster i formasjon. Mastene har blitt tillete revet, men det er planer om digital formidling/bevaring. Radiobygget er bygd i en funksjonalistisk prega stil med markante skifertak, og er godt bevart. Det fekk i 1981 påbygd kontorfløy mot sørvest til utviding av kystradiotenesta og maritimt radiosenter.

Dette var ein av verdas største og mest avanserte kortbølgestasjonar for maritim telefon og telegramtrafikk. Mottakarstasjonen for Rogaland radio var ein kystradiostasjon for radiokommunikasjon på kortbølge med skip på global basis og lokalt for Nordsjøen med telefoni, telegrafi og radioteleks.

Rogaland radio inngår i Verneplan for Telenors bygningar og installasjonar.

I jordbrukslandskapet ligg fleire gardfar, røyser og stakketufter frå førreformatorisk tid. Stakketuft, også kjend som alvedans, er ein kulturminnetype som hovudsakeleg er kjend frå Jæren og øyane i Ryfylke. Dei ligg som regel i tilknytning til utmark. Dei

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

blei brukte til tørking av slått frå marginale utmarksområde som supplement til ordinær fôrproduksjon.

Omfang

Miljøet omfattar buplass frå steinalder i Stangelandhelleren, bygdeborg frå jernalder, gardfar, rydningsrøyser og stakketuffer frå førromantisk tid, tre bunkersar frå 2. verdskrig, Skjævelandsbru frå 1853 og Rogaland radio.

Områder sør for Figgjoelva er tatt ut av miljøet etter høyring av regionalplanen etter innspel frå Klepp kommune.

Regional interesse

Miljøet har stor tidsdjupne og brei historisk verdi. Helleren representerer ein svært tidleg busetting.

Med forsvarsanlegg i form av bygdeborg frå eldre jernalder og frå andre verdskrig på same sted har Helleberget hatt ein strategisk viktig plassering i landskapet og har krigshistorisk verdi knytt til fleire periodar. Rogaland radio har – sjølv utan master – teknisk og kommunikasjonshistorisk verdi. Skjæveland bru har både teknisk, arkitektonisk og samferdselshistorisk verdi. De ulike kulturminna dannar til saman eit konsentrert kulturmiljø med stor opplevings- og kunnskapsverdi. Området rundt Helleberget er tilrettelagt for oppleving og formidling. Resten av området har potensial for tilsvarende grep.

Sårbarhet og forvaltning

I Stangelandshelleren ligg flintgjenstandar og brente bein eksponert i kulturlaget. Særleg er kulturlaget under dråpefallet eksponert for erosjon og slitasje. Arkeologisk museum hadde sikringsgraving på staden i 2020 , og museet har dei siste åra overvaka staden med fotogrammetri.

Bygningen Rogaland Radio er verna i gjeldande reguleringsplan med omsynssone H570. Det har blitt gjeve tillating til å rive mastene. Telenor vurderer digital formidling/bevaring/dokumentasjon av masteanlegget.

Tiltak nær Skjævelandsbrua må ha ei god tilpassing for å ikkje redusere opplevingsverdien. Fleire saker knyta til bygningar og vegar på nordsida har vore aktuelle sidan 2020.

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

Hovudbilde




Helleberget

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

Kartutsnitt



Kartutsnitt per 15.05.2023

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

Pollestad

id	246
Namn	Pollestad
Kommune	1120 - Klepp
Tema	Administrasjon fellesskap makt og demokrati, Busetting by- og tettstadutvikling
Periode	1900-1999
Kjelde	Kulturminneplanen til Klepp (2021), dokumentarfilm på https://youtu.be/7tIKurwmuw
Vernestatus	Kulturminneplan

Skildring

Kulturmiljøet ligg på Pollestad, som er eit lokalsenter på Orre. Miljøet omfattar Orre samfunnshus frå

1960 samt Orre skule frå 1922 med tilhøyrande lærarbustad, også denne frå 1922. Ein nyare skulefløy rett vest for den opphavelege skulebygningen inngår også i miljøet, då denne nye fløyen er kopla direkte på den opphavelege bygningen og er tydeleg underordna og tilpassa denne.

Samfunnshuset frå 1960 vart etter ein omfattande dugnadsinnsats - med Tore K. Wiig som pådrivar opna 1. april 1960. Bygningen representerer den jærskje dugnadsanda og trua på framtida. Det finst filmopptak, som dokumenterer den enorme dugnadsinnsatsen. Bygningen er oppført i eit funksjonalistisk formspråk som må ha vore banebrytande, ikkje berre på Pollestad, men i heile kommunen. Bygget har blitt utvida, og ein del av detaljeringa på fasaden er endra, men hovudkarakteren er fortsett tydeleg lesbar. Interiøret har blitt punkt- og gradvis oppgradert, men har langt på veg bevart karakteren sin. I storsalen, eit flott og stramt oppbygd rom, heng monumentalmaleriet «Jæren» av Sverre Næsheim. Det er 4 m høgt og 9.5 m breitt.

Skulehuset er ein av fleire skular som stod ferdig i Klepp kommune i 1922. Utbyggingane av desse skulane var resultatet av den såkalla «skulestriden», som mellom anna handla om kor vidt det skulle satsast på meir sentralisering av skuledrifta eller ei meir lokal utbygging. 1922-bygget har blitt utvida, og det er oppført fleire nybygg på skuletomta. 1922-bygget sitt opphavelege uttrykk er likevel blitt godt ivaretatt. Ein nyare fløy mot vest er kopla direkte på det opphavelege bygget. Den nye

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

fløyen er underordna og tilpassa det opphavelege bygget og bidreg til tidsdjupna i miljøet. Lærarbustaden frå 1922 er også bevart. Den er i kommunalt eige og har høg grad av autentisitet.

Autentisiteten til skulebygget, bevaringa av lærarbustaden og nærleiken til samfunnshuset gjer skulen på Orre ekstra interessant, men det er viktig også å ha auge for dei øvrige 1922-skulane på Storhaug og Horpestad.

Det ligg eit nyare bedehus frå slutten av 1960-talet rett over vegen frå det gamle skulehuset på Orre. Dette er ikkje teke med som del av kulturmiljøet, då det er av nyare dato. Det er likevel interessant med den tydelege samlokaliseringa av samfunnshus, skule og bedehus i eit lokalsenter der organisasjonsliv, frivilligheit og kristenliv har stått svært sterkt opp gjennom 1800- og 1900-talet.

Omfang

Kulturmiljøet ligg på Pollestad, som er eit lokalsenter på Orre. Miljøet omfattar Orre samfunnshus frå 1960 samt Orre skule frå 1922 med tilhøyrande lærarbustad frå 1922. Ein nyare skulefløy rett vest for den opphavelege skulebygningen inngår også i miljøet, då den nye fløyen er kopla direkte på den opphavelege bygningen, er tydeleg underordna og tilpassa og bidreg med ei viss tidsdjupne. Øvrig bygningsmasse på skuletomta er vurdert til ikkje å ha betydning for kulturmiljøet.

Regional interesse

Kulturmiljøet reflekterer fleire viktige samfunnsaspekt. Orre skule med lærarbustad er i seg sjølv eit historisk monument over skuleutbygginga i 1922 etter skulestriden. Samfunnshuset er eit imponerande monument over frivilligheit, dugnadsånd og samfunnslivet i lokalsenteret. Alle dei tre bygga har vesentlege arkitektoniske kvalitetar. Miljøet som heilskap speglar både organisasjonsliv, frivilligheit og ein viktig fase i skuleverket. Miljøet reflekterer også tydeleg utviklinga av ein liten tettstad, noko som er typisk for regionen – ikkje minst for Klepp kommune.

I eit regionalt perspektiv har både bygningane og miljøet som heilskap vesentleg opplevingsverdi, arkitektonisk verdi og kulturhistorisk verdi. Bygningane er trekte fram i kommunen sin kulturminneplan og – særleg på eit lokalt nivå – har bygningar og miljø også ein klar identitets- og symbolverdi.

Sårbarhet og forvaltning

Orre samfunnshus er både eit kulturminne og eit bruksbygg. Det kan vere vanskeleg å finne den rette balansen mellom funksjonelt betinga endringar og eit godt vern. Særleg kan mange mindre endringar i sum vere negative for verneverdien. Ut frå eit kulturminnefagleg perspektiv bør huset sitt eksteriør og i alle fall storsalen med det

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

monumentale maleriet sikrast eit vern etter PBL. Det bør så langt som mogleg leggst til rette for tilbakeføringsgrep.

Skulebygningen er i likskap med samfunnshuset også eit bygg kor funksjonelle omsyn og gradvise forandringar kan true verneverdiane. I tillegg kan nedlegging av skular på mindre stader vere ei mogleg utfordring. Skulebygningen frå 1922 bør sikrast eksteriørvern etter PBL. Det må vurderast om ein skilde delar av interiøret kan ha verneinteresse. Det bør i ein slik samanheng også vurderast om det bør leggst visse restriksjonar for endring av den næraste fløyen mot vest, slik at den klare underordninga og tilpassinga vert ivaretekne. Lærarbustaden er i kommunalt eige, og synest å vere i god stand med høg grad av autentisitet. Likevel bør også denne sikrast eksteriørvern etter PBL.

Hovudbilde




Lav sol over Pollestad forsamlingshus

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

Kartutsnitt



Kartutsnitt per 23.09.2022

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

Bildevedlegg 1



Lærebustaden Pollestad skule

Bildevedlegg 2



Pollestad skule Rogaland